


## Folkerøysting i Gulen måndag 23.05.2016

Gulen kommunestyre har i møte den 28.04. bestemt at det i samband med kommunereforma skal røystast over 3 alternativ:

- 1) Gulen som eigen kommune
- 2) Gulen skal slå seg saman med Masfjorden
- 3) Gulen skal slå seg saman med Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, og Radøy



Det er særleg 2 tema vi høyrer folk er oppteken av: **Kva skjer med fylket?** og **Korleis vert det med økonomien dersom vi står åleine?**

Når det gjeld **kva fylke vi skal høyre til** så kan vi sei at alternativ 1 over inneber at vi vert verande i Sogn og Fjordane fylke og alternativ 2 og 3 at vi går over til Hordaland fylke. Dei ulike alternativa vil likevel ikkje vere ein garanti for anten det eine eller det andre. Det er for tida under utgreiing ei regionreform. Ideen om ein Vestlandsregion som skal erstatte fylkesnivået er lansert, men kva som vert resultatet av dette arbeidet veit vi ikkje noko om på det noverande tidspunkt. Gulen kommune sin bruk av legevakt og augeblikkeleg hjelp senger i Knarvik, samt vår overgang til å få tenester frå Helse Bergen vert ikkje påverka av om vi står åleine eller om vi slår oss ilag med andre kommunar.

Det **økonomiske biletet** er diverre framleis usikkert. Det er ein del moment (både positive og negative) som påverkar den økonomiske situasjonen for ein evt Gulen kommune som eigen kommune. Så langt kan det sjå ut til at kommunen vil kunne tape noko på overføringane frå staten ved å stå som eigen kommune. Slår vi oss saman med andre kommunar beheld den nye kommunen dagens nivå på inntektene i 15-20 år framover.

### Kven kan røyste?

For å røyste må du vere oppført i manntalet for Gulen kommune. Du skal stå i manntalet dersom du var registrert som busett i kommunen pr 01.01.2016, og har stemmerett ved vanlege kommuneval. **I tillegg har kommunen bestemt at alle som fyller 16 år i 2016 + 17 åringar også skal vere med å røyste ved dette valet.**

### Sentral førehandsrøysting

Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 09.00 og 15.00 i tidsrommet 09. til og med 20. mai.

Torsdag 19. mai vert det halde langopent til kl 18.00

### Førehandsrøysting i krinsane laurdag 7. mai og 14. mai

Førehandsrøysting den 14. mai vert på bu- og omsorgssentra i krinsane.

Sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no), facebook eller oppslag på butikken for nærare info.

På heimesida kan du lese intensjonsavtalane i si heilheit. For informasjon om røystesetelen – sjå side 2.

**Folkerøystinga er rådgjevande, men kommunestyret vil gjerne ha eit tydeleg signal frå innbyggjarane! Bruk røysteretten din !!**

**Røystestadar måndag 23. mai** Hugs legitimasjon når du skal røyste!

Måndag 23. mai	Stad	Tidspunkt
Brekke	Risnehall	kl. 10:00 - 18:00
Byrknes	Skulen	kl. 10:00 - 18:00
Dalsøyra	Samfunnshuset - matsalen	kl. 10:00 - 18:00
Eivindvik	Kommunehuset - rådsalen	kl. 10:00 - 18:00

**Her følgjer informasjon om utforming av røystesetelen:**

**Alternativ:**

Eg vil at Gulen skal halde fram som eigen kommune

Eg vil at Gulen skal slå seg saman med Masfjorden

Eg vil at Gulen skal slå seg saman med Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, og Radøy

**Rettleiing om utfylling av røystesetelen:**

Set eit kryss i ruta framfor det alternativet du er mest einig med.

Røysta vert forkasta dersom du set kryss ved meir enn eitt alternativ.

Røystesetel utan kryss vert rekna som blank røyst.